

# Årsmelding og rekneskap

2015



Luster Sparebank 

# Årsmelding og rekneskap 2015

<i>Hovudtrekk i rekneskapen</i>	2
<i>Bankåret 2015</i>	3
<i>Samarbeidspartnarar</i>	8
<i>Økonomisk utvikling 2015</i>	9
<i>Resultat og Balanse 2015</i>	11
<i>Risikotilhøve</i>	13
<i>Personale – arbeidsmiljø</i>	15
<i>Utsiktene framover</i>	17
<i>Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette</i>	18
<i>Rekneskap</i>	19
<i>Notar</i>	22
<i>Melding frå revisor</i>	46
<i>Kontrollkomiteen si melding</i>	48



## Hovudtrekk i rekneskapen for 2015

Etter tap har banken eit resultat før skatt på kr 35,9 millionar.

Resultatet er nesten like godt som rekordåret 2014. Avkastning på verdipapir har gått ned. Driftskostnader har auka. Luster Sparebank har realisert deler av aksjepost i DNB som forklarar vinst ved sal anleggsaksjar.

Forvaltningskapitalen har auka med 6,4 % til kr 3.073 millionar. Innskot frå kundar har auka med 3,29 % og er no på kr 2.212 millionar. Utlån til kundar inklusiv overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 7,21 %.

Rentenetto i prosent for 2015 er på 1,87 %. Rentenettoen for 2014 var på 1,97 %.

Resultat i millionar kr	2015	2014	2013	2012	2011
Netto renteinntekter	55,7	56,0	53,5	52,4	49,9
Netto andre driftsinntekter	13,6	14,5	13,0	10,1	9,5
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>69,3</b>	<b>70,5</b>	<b>66,5</b>	<b>62,5</b>	<b>59,4</b>
Driftskostnader	36,6	34,7	32,3	31,3	29,9
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>32,7</b>	<b>35,7</b>	<b>34,1</b>	<b>31,2</b>	<b>29,5</b>
Nedskrivingar og tap på utlån	3,3	3,3	2,8	4,1	6,9
Tap/vinst verdipapir anleggsmiddel	-6,5	-6,5	-0,5	0,8	0,8
<b>Resultat ordinær drift</b>	<b>35,9</b>	<b>39,0</b>	<b>31,9</b>	<b>26,2</b>	<b>21,8</b>
Skatt	8,6	9,3	9,4	8,2	6,7
<b>Overskot</b>	<b>27,3</b>	<b>29,7</b>	<b>22,5</b>	<b>18,0</b>	<b>15,1</b>

### Resultat i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital

	2015	2014	2013	2012	2011
Netto renteinntekter	1,87 %	1,97 %	1,96 %	2,03 %	2,04 %
Netto andre driftsinntekter	0,46 %	0,51 %	0,48 %	0,39 %	0,39 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2,33 %</b>	<b>2,48 %</b>	<b>2,44 %</b>	<b>2,42 %</b>	<b>2,43 %</b>
Driftskostnader	1,23 %	1,22 %	1,18 %	1,21 %	1,22 %
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>1,10 %</b>	<b>1,26 %</b>	<b>1,25 %</b>	<b>1,21 %</b>	<b>1,21 %</b>
Nedskrivingar og tap på utlån	0,11 %	0,12 %	0,10 %	0,16 %	0,28 %
Tap/vinst verdipapir anleggsmiddel	-0,22 %	-0,23 %	-0,02 %	0,03 %	0,03 %
<b>Resultat ordinær drift</b>	<b>1,21 %</b>	<b>1,37 %</b>	<b>1,16 %</b>	<b>1,02 %</b>	<b>0,89 %</b>
Skatt	0,29 %	0,33 %	0,34 %	0,32 %	0,27 %
<b>Overskot</b>	<b>0,92 %</b>	<b>1,05 %</b>	<b>0,82 %</b>	<b>0,70 %</b>	<b>0,62 %</b>

**Gjennomsnittleg forvaltningskapital**      **2.980**      **2.836**      **2.736**      **2.581**      **2.448**

Nøkkeltal	2015	2014	2013	2012	2011
Forvaltningskapital	3.073	2.888	2.785	2.686	2.476
Brutto utlån til kundar	2.487	2.453	2.267	2.314	2.164
Innskot frå kundar	2.212	2.141	2.007	1.855	1.794
Eigenkapital	373	348	323	302	286
Eigenkapitalprosent	12,14 %	12,04 %	11,59 %	11,25 %	11,55 %
Kapitaldekning	20,22 %	21,09 %	21,32 %	19,94 %	19,38 %
Eigenkapitalrentabilitet	9,62 %	11,21 %	7,19 %	6,13 %	5,28 %
Årsverk	20,4	20,0	20,5	22,3	22,5
Driftskostnader i % av inntekter	52,55 %	49,37 %	49,32 %	50,59 %	50,34 %

# Bankåret 2015

Styret i Luster Sparebank legg fram eit godt resultat for 2015.

Som lokalbank er utviklinga til Luster Sparebank nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i kommunen og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Luster Sparebank har hovudmarknaden sin i Luster, men over tid har me fått fleire og fleire kundar utanfor kommunen. 31 prosent av innskota og 51 prosent av utlåna kjem frå kundar utanfor kommunen. Kundane utanfor kommunen er såleis ei svært viktig kundegruppe for banken.

Luster Sparebank har regulert rentevilkåra sine i tråd med utviklinga i marknadsrenta og gjennomført tre renteendringar i 2015. Rentenettoen har vore stabil heile året. Ved slutten av året var rentenettoen 1,87 prosent mot 1,97 prosent ved førre årsskifte.

## ***Luster Sparebank held fram samarbeidet i DSS***

Gjennom det siste året har bankane i DSS-samarbeide vore gjennom ein lang prosess med tanke på val av strategisk samarbeidspartnar for 2016 til 2020. Dei ni bankane sette ned ei prosjektgruppe som jobba fram alternative løysingar, der banksjefane utgjorde styringsgruppa for prosjektet. Prosjektet enda opp med to alternativ:

1; Inngå heilt ny samarbeidsavtale med Eikagrappa eller 2; halde fram i eit styrka DSS. Alle bankane stod fritt til å velja sitt alternativ. Alle dei ni bankane tok den 25. september avgjerd om å halda fram samarbeidet i eit styrka DSS. Det betyr at samarbeidet mellom bankane skal styrkast på fleire fagområde, og at Luster Sparebank framleis kjøper teknologiske tenester frå Evry.

## ***Samfunnsansvar***

Luster Sparebank har som mål å vere ein aktiv bidragsytar til lokalsamfunnet. Arbeidet med samfunnsspørsmål er integreert i det løpande strategiarbeidet vårt. Slik sikrar me at etikk, miljø og viktige samfunnsspørsmål til ei kvar tid står på dagsorden. Dette ligg som grunnlag for alle aktivitetane våre.

Finansnæringa er gjennom lover og reglar pålagd av styresmaktene å medverke til å kjempe mot korrupsjon. Dette gjer me blant anna gjennom etterleving av kvitvaskingsforskrifta.

Banken er svært oppteken av utviklinga i kommunen og har gjennom fleire år nytta mykje midlar for å stimulere til vekst og utvikling.

Me har i dag tilbod om Bank i Butikk i Fortun, Skjolden, Luster, Jostedal og Veitastrond. Kundane får utført dei daglege banktenestene sine i butikkane si opningstid. Samstundes er tilbodet med på å styrke nærbutikkane.

Luster Sparebank støttar friviljuge lag og organisasjonar med store summar kvart år. Me har sponsoravtalar med alle fem idrettslaga i Luster kommune. I tillegg har me sponsor- og samarbeidsavtalar med Luster Røde Kors, Luster Turlag, Sogn Skisenter BA, Heggmyri Rett Ned, Luster Telemark, Hafslo Skyttarlag, Fortun Skyttarlag, Luster jakt-

og fiskelag, Luster Sportsskyttarlag, Sogn Indre Skyttarsamlag, Luster Folkeakademi, Luster Treningscenter AS, Lustrabadet, Sogndal Fotball, Sognefjellet Sommarskisenter AS, Fanaråken Opp og Molden Opp. Luster Sparebank var også sponsor under Fjellsportfestivalen i 2015 og har inngått ny utvida avtale for 2016.

Banken signerte i 2014 ein historisk sponsoravtale med Sogndal Idrettslag. Det er fyrste gong Luster Sparebank er med som samarbeidspartnar til breiddeidretten utanfor Luster.

Banken har teke initiativ til å samle lag og organisasjonar som me har sponsoravtale med til felles årleg møte. Føremålet er å få erfaringsutveksling på tvers av laga og ikkje minst få innspel på forbetningsområde for alle partar.

Luster Sparebank har ein mobil betalingsterminal som me låner ut gratis til alle lag og organisasjonar i kommunen. Dette har vore svært godt motteke.

#### MiniAnne-øvingsdokke for livredning

Luster Sparebank var i 2014 med å finansiere øvingsdokker til alle elevane i 7, 8 og 9 klasse i Luster. I 2015 fekk alle 7 klassingane i kommunen MiniAnne, også i åra framover skal banken gje MiniAnne til alle 7 klassingane i kommunen. På denne måten betrar me tryggleiken både til unge og eldre over tid.

#### ***Gåver og tilskot***

Luster Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet som gåver til allmennyttige formål. For 2015 har om lag 180 lag og organisasjonar fått gåvemidlar.

#### ***Korleis motivere ungdomen?***

I samarbeid med ungdomsskulane og Luster Folkeakademi var Luster Sparebank økonomisk støttespelar då ein av nordens mest etterspurde fordragshaldarar, Mia Bjørjesson, vitja kommunen i februar. Målet med opplegget var å motivere og inspirere ungdomane våre, samt gje foreldre gode råd om korleis dei kan hjelpa og motivera ungdomane best mogleg i det daglege. Første del av opplegget var lagt til Luster ungdomsskule der alle elvane fekk møta Mia Børjesson, medan foreldra var samla til storforeldremøte og motivasjonsforedrag på Hafslo samfunnshus om kvelden. Opplegget er i ettertid omtala som svært lærerikt og matnyttig.

#### ***Elevprosjekt i Hestaskårane***

På husmannsplassen Hestaskårane har det vore gjennomført eit studentprosjekt. Prosjektet er i ettertid ei gåve til Luster Sogelag som har fått ansvar for å vedlikehalde konstruksjonane. Dei to konstruksjonane vil alltid vere ulåste og dermed tilgjengelege for både lustringar og turistar. Banken har støtta studentprosjektet økonomisk.



Av andre større kulturelle tiltak som me har gjeve gåve eller sponsorstøtte til, utover den ordinære gåvetildelinga kan nemnast: Blåe Tonar i Jostedal, «Julesong 2015» i Sogndal kulturhus, julekonsertar i Dale, Joranger og Gaupne kyrkje, Luster Danseverkstad, Sogndal Danseverkstad, Raud Dos med applikert dekor, Luster Energiverk, naudarbeid i Hellas/Lesvos, Jubileumsbok Frelsesarmeen i Sogndal 100 år.

Banken støttar Kulturdagane på Skjolden og Lustramarknaden økonomisk, samstundes som me deltek aktivt med stand på Lustramarknaden.

Vidare vil me trekke fram utdeling av kultur- og næringsstipend til ungdom. Åtte ungdomar med ambisjonar om å utvikle eigne idèar og talent vart tildelte ungdomsstipend på 10.000 kroner kvar under Lustramarknaden 2015. Målet med ungdomsstipendet er å støtte opp om unge mellom 16 og 25 år som har ambisjonar. Stipendet går til dei som satsar målmedvite for å ta eit steg vidare innan: song, musikk eller annan kultur, vil utvikle seg innan idrett/sport, eller har gode idèar og planar om å drive eiga næringsverksemd.

Luster Sparebank med fleire har saman med idrettslaga i kommunen oppretta eit «laug» som deler ut stipend til ungdommar som er «på veg» til elitenivå i sin idrett. Det er idrettslaga som melder inn kandidatar til lauset.

Sparebankveka 2015 hadde arrangement i Luster, Skjolden, Jostedal, Solvorn og Veitastrond, i tillegg til Gaupne og Hafslo. Det var god oppslutnad. Tømmepremie var «pennahus» som såg ut til å falla i smak.

## **Lokalmarknaden**

### **Folketalsutvikling i Luster:**

År	Innbyggjarar	År	Innbyggjarar
1970	5.126	2010	4.945
1980	5.102	2012	5.041
1990	5.172	2013	5.089
2000	5.003	2014	5.118
2008	4.870	2015	5.089 prognose

Det er svært viktig for utviklinga i kommunen at folketalet vert oppretthalde. Det er då gledeleg å sjå at me har hatt ei positiv folketalsutvikling dei siste åra. Om lag 17 prosent av innbyggjarane er 67 år eller eldre, noko som inneber at Luster kommune i snitt har ein eldre folkesetnad enn resten av landet.

Ei utfordring for Luster, til liks med mange andre distriktskommunar, er at ein svært stor del av ungdomane tek høgare utdanning i andre delar av landet, og at arbeidsmarknaden for personar med slik utdanning er avgrensa. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre kommunar grunna kort avstand til Sogndal og Leikanger. Det pendlar ca. 700 personar ut av kommunen og ca 200 personar inn til kommunen. Ei utfordring vert då å gjere lustrasamfunnet attraktivt å bu i sjølv om arbeidsplassen ligg i ein nabokommune.

Statistisk sentralbyrå sin statistikk syner at det var registrert 34 arbeidsledige det vil sei 1,3 prosent, i Luster kommune ved utgangen av desember 2015. Dette er eit svært lågt tal, tilsvarande tal for 2014 var 35.

### **Næringslivet i Luster**

Luster Sparebank finansierer eksisterande og nye verksemdar. Banken har som mål å medverke til ei aktiv næringsutvikling i kommunen. Banken har eit godt og tett samarbeid med Luster kommune i nærings saker.

Reiselivet generer stadig meir trafikk og Visit Sognefjord rapporterer at talet på gjestedøgn i Sogn har auka med 36.279 i 2015 (januar – november månad) som er ein auke på 6,7%. Auken i 2014 var på 21.474 gjestedøgn. Tala frå Vist Sognefjord viser at hytte/camping har ein liten nedgang ,medan hotellnæringa har ein fin auke i gjestedøgn med heile 30,5 prosent. Det er dei utanlandske turistane som står for auken. Ser vi berre på utanlandske turistar, har vi ein auke i gjestedøgn totalt for Sogn på 55.468, som er ein auke på heile 18,6%. Det er såleis ein nedgang i norske turistar dette året.

I løpet av 2015 har to av hotella i kommunen fått nye eigarar. Både Tørvis Hotell og Skjolden Hotell har planar om renovering og utviding av kapasiteten for å møte den positive utviklinga i reiselivsmarknaden.

Tal frå primærnæringane viser at det vert stadig færre gardsbruk i Luster. I år 2000 var det registrert 197 sauebruk i kommunen. I 2015 er dette redusert til 121 bruk, samstundes som det berre var 4 bruk med geitehald att i 2015. I år 2000 var det registrert 130 bruk med mjølkeproduksjon og dette er no redusert til 56 bruk. Statistikken viser at dei som framleis er i drift har større besetning slik at reduksjonen i talet på dyr ikkje er så dramatisk som endringa i talet på gardar.

Luster kommune tilbyr gunstige finansieringsordningar for å stimulere til investeringar innan landbruket. Tiltaka frå kommunen si side ser ut til å verke, og vi har fleire bønder som satsar og byggjer nye driftsbygningar. Dette gjeld spesielt innan saueneæringa.

Aktiviteten i bygg- og anleggsbransjen lokalt har halde seg på eit relativt høgt nivå i løpet av året. Luster Sparebank har delteke i finansieringa av fleire større lokale

bustadutbyggings- prosjekt. Det er også oppført to nye næringsbygg lokalt. Fleire nye bustadfelt er og under utbygging i kommunen. Utviklinga framover er etter vår vurdering svært avhengig av aktiviteten i lokalmarknaden og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Decco AS er ei ny verksemd som har etablert seg i Gaupne og satsar innan reklame- og profileringsmarknaden. Ei anna ny spennande verksemd, innan ei ny næring i Luster, er Sognefjord Sjokolade AS. Verksemda har etablert seg i Marifjøra med produksjon- og utsalslokale.

Næringslivet i Luster representerer eit breitt spekter av ulike næringar. Mange av verksemdene er høvesvis små, noko som kan vere ein fordel i ei tid med store omstillingar og krav til raske handlingar. Utfordringar som sentraliseringspolitikk, netthandel og andre utviklingstrekk i tida merkast også i Luster. Dette fordrar aktørar som kan bidra til å til å oppretthalde aktivitet og utvikling i lokalsamfunnet.

Som ei oppsummering kan ein seie at næringslivet i Luster stort sett går rimeleg bra med stabil drift og akseptabelt økonomisk resultat. Ein del av bedriftene burde hatt ein høgare eigenkapital. Det er viktig at kvar enkelt bedrift i tider som no med lågt rentenivå og rimeleg god aktivitet prøver å avsetje buffer til å møte utfordringane til fornying og konkurranse framover.

### **Arrangement**

Luster Sparebank og Luster kommune har gjennom mange år arrangert temamøte for næringslivet. Det har vore ulike tema, og jamt over svært god interesse. Me arrangerte i 2015 eit temamøte og to lunchmøte for næringslivet saman med Luster kommune, der tema på temamøte var:

Status og framdriftsplanar innan vasskraft i Luster, både ny utbygging og større arbeid på eksisterande anlegg.

Verksemder som hadde innlegg var: Statkraft, Hydro, Luster Energiverk og Luster Småkraft, Veitastrond – selskapet Tyngdekraft og grunneigar-representant.

Tema på lunchmøta var:

Kvifor er styret i ei bedrift viktig? Innleiing ved direktør Halvor Flatland i Innovasjon Norge og Kjetil Hovland som nyttar eksterne styremedlemmer i si verksemd Digital Etikett AS.

På det andre lunchmøte var det synfaring på Fjordglas, der dagleg leiar snakka om kor viktig investering i ny teknologi er for Fjordglas. I tillegg vart det orientert om lærlingeordninga ved dagleg leiar Anne Kauppi frå Sogn opplæringskontor.

Arrangementa hadde svært godt oppmøte og det er gledeleg å sjå at slike arrangement også dreg deltakarar frå nabokommunane.

### **Kvinner og pensjon**

Sist haust sette banken fokus på kvinner og pensjon i samband med arrangementet «damenes aften» i Lustrabadet. Banken, saman med føredragshaldarar frå ekstern bedrift, stod for det faglege innhaldet for kvelden. Tilskipinga vart ein suksess på alle

måtar og banken fekk svært gode tilbakemeldingar på temavalet. Banken hadde oppfølging av alle deltakarane dagane etter kurset med godt resultat.

### **30 årsjubileum for Lustrakalenderen**

Heilt frå 1987 har Lustrakalenderen vore eit viktig profilelement frå Luster Sparebank. Dette året heng den 30. kalenderen på veggene i heimar og på kontor i nye 3500 eksemplar. I jubileumskalenderen laga me, i tillegg til årskalenderen, plass til omtale og foto frå den første Lustrakalenderen. Mange hevdar at kalenderen ikkje berre er eit profileringsprodukt frå Luster Sparebank, men er god reklame for Luster. Det er litt moro for banken at kalenderen har overlevd i så mange år og at den framleis er like etterspurd. Banken takkar alle fotografane som gjennom år har levert gode foto til kalenderen og me håpa på nye gode bilete vidare.

### **Moderne bank – Teknologi – Nye miljø**

Kundane våre nyttar stadig meir digitale media i sin kommunikasjon med omverda. Denne utviklinga er banken med på. Banken har siste åra medvite profilert seg gjennom nye kanalar som t.d. Facebook og Instagram.

Interessa for skikøyring utanfor preparerte løyper har eksplodert. I dette miljøet er Sogn Skisenter sentralt og banken har valt å eksponera seg på fleire måtar her. I tillegg til å vera sponsor for skisenteret er banken svært synleg som sponsor på Fri Flyt sine filmar med Karl-Kristian Muggurud. Muggurud blir rekna som ein av dei største profilar innan frikøyring i landet. <http://www.friflyt.no/Ski/Hoeydepunkter-fra-Muggurud>

## **Samarbeidspartnarar**

### **Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS)**

Samarbeidet med DSS er særst viktig for Luster Sparebank. Bakgrunnen for samarbeidet er at bankane kan trekke synergjar gjennom mellom anna innkjøpsavtalar, meirsal, kostnadssparing og andre stordriftsfordelar. Deltakarar i samarbeidet er: Spareskillingbanken, Haugesund-, Etne-, Flekkefjord-, Lillesand-, Skudenes & Aakra-, Søgne og Greipstad-, Voss- og Luster Sparebank.

### **Framtidsfylket AS**

Framtidsfylket er eit selskap eigd av næringsorganisasjonar, arbeidsgjevarar, fylkeskommunen og kommunar og har som hovudmål: Vekst og verdiskaping i Sogn og Fjordane gjennom rekruttering av kompetent arbeidskraft. Luster Sparebank er medeigar i selskapet.

### **Frende Forsikring AS – Frende Holding AS**

Luster Sparebank gjekk i 2007 inn på eigarsida i forsikringselskapet Frende Forsikring. Saman med 14 andre sparebankar vart dermed Frende Skadeforsikring AS og Frende Livsforsikring AS stifta. Både skade- og livselskapet har tilhald i Bergen. For banken betyr dette at me via Frende kan tilby eit totalt forsikringsprodukt med både liv- og skadeforsikring. Banken har brukt ressursar på forsikringsatsinga, og det er gledeleg å sjå at det har gjeve resultat.

## **Norne Securities AS**

Luster Sparebank har ein eigarpost i verdipapirføretaket Norne. Via Norne kan Luster Sparebank tilby kundar som ønskjer å handle enkeltaksjar eit svært godt handels- og portefølgjesystem. Her ligg og sals- og kjøpsrettleggingar med utfyllande kommentarar.

## **Verd Boligkreditt AS**

Luster Sparebank er medeigar i Verd Boligkreditt AS. Bustadkredittselskapet er med på å sikre banken betre funding og likviditet.

## **Brage AS**

Saman med blant anna DSS bankane, Fana Sparebank og Sparebanken Vest etablerte Luster Sparebank eit nytt leasingselskap i 2010.

## **Eiendomskreditt AS**

Luster Sparebank er aksjonær i Eiendomskreditt AS som held til i Bergen. Eiendomskreditt AS og dotterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker er samarbeidspartnerar som blir nytta i samband med innlån av midlar og er aktuell partner i større låneengasjement.

## **Fondsselskap**

Luster Sparebank har distribusjonsavtalar med DNB og fondsselskapa Odin og Skagen Fondene. Dette gjer at banken kan tilby kundane spare- og fondsprodukt frå fleire aktørar.

## **Utviklinga i norsk og internasjonal økonomi 2015**

Norsk økonomi opplever for tida store utfordringar som følge av lågare aktivitet i petroleumssektoren. Ein reduksjon i oljeinvesteringane har lenge vore venta, men utslaget har vorte større som følge av det kraftige fallet i oljeprisen. Oljeprisen har no falle over 70 prosent sidan juni 2014. Førebels anslag frå Norges Bank viser at veksten i Fastlands-BNP blei redusert frå 2,3 prosent i 2014 til 1,4 prosent i 2015, som er det lågaste vekstnivået sidan finanskrisa. For 2016 ventar sentralbanken at veksten minkar ytterlegare, til 1,1 prosent.

Oljeprisfallet har også medverka til ei svekking av den norske krona. Svekkinga av krona, saman med pårekna lågare lønnsvekst, er venta å betra Norge si konkurranseevne når det gjeld tradisjonelle eksportvarer, og gje eit løft for norsk eksportnæring.

Svekking av krona medverkar også til å trekke inflasjonen opp, gjennom høgare prisar på importerte varer. Dersom ikkje krona svekkar seg vidare er likevel effekten mellombels, og i tida som kjem er det dermed venta at inflasjonen vil avta noko.

Pengepolitikken blei halden ekspansiv gjennom 2015. Norges Bank kutta styringsrenta 0,25 prosentpoeng to gonger gjennom året, noko som ga ei rekordlåg styringsrente på 0,75 prosent. Sentralbanken har signalisert at det er utsikter til ytterlegare rentekutt i løpet av første halvår i 2016. Til tross for rekordlågt rentenivå ligg likevel norske renter godt over nivået hos dei viktigaste handelspartnerane våre.

I tillegg til ein meir ekspansiv pengepolitikk er også finanspolitikken justert tilsvarande. Det strukturelle, oljekorrigerede underskotet, som måler den underliggjande pengebruken av oljeinntektene, har auka ytterlegare.

### **Ulik utvikling hos bedriftene**

Fallet i aktivitet i oljerelaterte verksemd har gitt svært varierende verknad på norske bedrifter og regionar. Oljeinvesteringane, som lenge har medverka vesentleg til økonomisk vekst i Norge, medverkar no negativt. Det kraftigaste fallet i investeringsnivået blei truleg teke ut i 2015, men mest sannsynleg vil vi sjå ein vesentleg nedgang også i 2016.

Den tradisjonelle eksportnæringa nyter godt av svak krone og betra konkurranseevne i den internasjonale marknaden. Likevel har fastlandsbedriftene sine investeringar falle dei siste åra. Tala viser stor skilnad mellom ulike næringar. Ikkje overraskande er det næringane som er tett knytte til petroleumsindustrien som opplever ein negativ vekst. For næringar som industri og kraftproduksjon er det venta auka investeringar i åra som kjem.

### **Hushaldningane si gjeldsbelastning aukar – men spareraten er høg**

Privat forbruk utgjør ein vesentleg del av BNP, men har gjennom 2015 minka noko. Utsikter til svakare lønnsvekst, høgare prisvekst og auka arbeidsløyse medverkar til å legge ein dempar på utviklinga. Låge renter bidreg positivt i forhold til hushaldningssektoren si gjeld. Hushaldningane si sparing utgjorde i store deler av 2015 over 10 prosent av disponibel inntekt (SSBs sparerate), mot 6,7 prosent i gjennomsnitt for årene 2010-2014.

Gjeldsutviklinga for hushaldningane heldt seg relativt stabil gjennom fjoråret, med ein tolv månadersvekst på mellom 6 og 6,5 prosent. Gjeldsveksten er såleis framleis høgare enn veksten i disponibel inntekt, noko som betyr at hushaldningane si gjeldsbelastning har auka ytterlegare. Utlånsundersøkinga til sentralbanken indikerer både redusert etterspurnad etter lån og innstramming i bankane sin kredittpraksis.

### **Bustadprisane trendar ned – store regionale skilnader**

Bustadprisane var i gjennomsnitt 7,2 prosent høgare i 2015 enn i 2014. Detaljane viser likevel at tolv månadersveksten for Norge samla avtek. Frå ein årleg vekst i underkant av 9 prosent i starten av året enda veksten i desember på 5 prosent. Det er store regionale skilnader i bustadprisutviklinga, der vestlandet skil seg negativt ut. Tal for desember viser at veksten i Stavanger siste år har vore -5,3 prosent. I Bergen og Trondheim ble veksten høvesvis 6,0 prosent og 4,1 prosent. Oslo opplever sterkast prisvekst, 9,5 prosent frå desember 2014 til desember 2015.

### **Internasjonalt**

Den økonomiske veksten i verda var ifølge IMF 3,1 prosent i 2015. Framveksande økonomiar stod for hovuddelen av veksten, til tross for mellom anna nedgang i råvareprisane og politisk usikkerheit ei rekke stadar. I industriland er veksten samla sett lite endra frå året før, men veksttakten varierer mykje mellom de ulike landa.

USA opplever no solid vekst i økonomien, drive av mellom anna klar vekst i privat konsum og auka bustadinvesteringar. Arbeidsløysa har falle betydeleg sidan toppen under finanskrisa. Tillit til at veksten har festa seg førte til at Federal Reserve (FED) i desember heva sentralbanken si signalrente, etter om lag sju år med nullrente og tre rundar med ekstraordinær tilførsel av likviditet til marknaden gjennom kjøp av statspapir ("kvantitative lettingar").

I Eurosona er veksten framleis svak, og arbeidsløysa er høg. Samstundes føregår det ei gradvis gjeldsnedbygging. Indikatorar på bedriftene og hushaldningane sine forventningar viser likevel aukande optimisme, medan pengepolitikken framleis vert innretta svært ekspansivt. Sjølv om fleire indikatorar peikar i rett retning vil det truleg ta tid før veksten i eurosona kjem tilbake på eit meir normalt nivå.

Økonomien i Kina møtte motbør gjennom fjoråret, mellom anna med lågare aktivitet i industrien og kraftig fall i aksjemarknaden. Likevel har den økonomiske veksten halde seg sterk sett i høve til normale veksttakter i Europa og USA. Årsakene til dette er framleis god utvikling i hushaldningane sitt forbruk og solid vekst i tenestesektoren. Samla sett er det likevel fleire usikkerheitsmoment rundt vidare utvikling i kinesisk økonomi. Veksten er venta å avta ytterlegare i åra som kjem, og det vil få mykje å seia for verdsøkonomien om vekstfallet kjem gradvis eller raskt.

## Resultat og Balanse for 2015

Banken sitt ordinære resultat etter skatt syner eit overskot på kr 27,3 millionar for 2015. For 2014 var resultatet kr 29,7 millionar. Driftsresultat før tap og vinst ved sal anleggsaksjar er i 2015 på kr 32,7 millionar.

Rentenettoen er på 1,87 prosent i 2015 mot 1,97 prosent i 2014. Samanlikna med andre bankar har Luster Sparebank ein tilfredsstillande rentenetto. Grunnen til dette er god innskotsdekning og høg eigenkapital. Dette saman med effektiv drift gjer det mogeleg for oss å vere konkurransedyktige på prisar, samstundes som vi klarer å halde ein god rentenetto.

Driftskostnadene er i kroner høgare i 2015 enn i 2014. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene i 2015 1,23 prosent. Dette er ein auke samanlikna med 2014 då dei var på 1,22 prosent. Personalkostnader har auka. Auken er i hovudsak i samsvar med budsjett.

Banken har i 2015 saman med andre bankar i DSS gjennomført eit prosjekt for val av strategisk samarbeidspartnar på IT-sida. Prosjektet har kravd resursar og dette er hovudårsaka til at administrasjonskostnader og andre driftskostnader har auka.

Driftskostnadsprosenten er definert som forholdet mellom driftskostnader og driftsinntekter. Luster Sparebank har ein driftskostnadsprosent på 52,55 prosent. Dette er litt høgare enn i 2014 då den var på 49,37 prosent. Kostnadsprosenten er låg i forhold til samanliknbare bankar.

Driftsresultat før tap for 2015 er på kr 32,7 millionar, som er kr 3 millionar dårlegare enn i 2014.

Banken har kostnadsført kr 3,3 millionar i tap på utlån i 2015. Årsak til kostnadsføring er i hovudsak nedskrivingar på grupper av utlån som har auka frå kr 12,1 millionar pr.


31.12.2014 til kr 13,8 millionar pr. 31.12.2015. Misleghaldne /tapsutsette lån i prosent av brutto utlån er på 1,42 % pr. 31.12.2015. Det har auka litt frå 31.12.2014 då denne prosentsatsen var på 1,19 %.

Vinstar ved realisering av anleggsaksjar er inntektsført med kr 6,58 millionar. Det alt vesentlege av dette er vinst ved sal av banken sine aksjar i DNB ASA. Ein har og nedskrive ulike anleggsaksjar og fond med til saman kr 0,13 millionar.

Resultatet for år 2015 tilrår styret å nytte slik:

Avsetjing til gåvefond	kr 1.800.000
Avsetjing til gåver	kr 2.000.000
Overført til sparebanken sitt fond	<u>kr 23.487.975</u>
<b>Sum disponert</b>	<b><u>Kr 27.287.975</u></b>

Forvaltningskapital, utlån inkludert overføring til bustadkredittselskap og innskot har alle auka i 2015. Forvaltningskapitalen har auka med 6,4 prosent. Utlån inklusiv overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 7,2 prosent. Innskota har auka med 3,3 prosent.



I langsiktig finansiering har banken tre obligasjonslån plassert i marknaden.

I tillegg har me langsiktige lån via Kredittforeningen for Sparebanker. Totalt har me ved årsskiftet lånt inn kr 454,4 millionar. Av dette har kr 105 millionar forfall i 2016.

Kapitaldekkinga til banken pr. 31.12.2015 var 20,22 prosent mot 21,09 prosent pr. 31.12.2014. All eigenkapital i Luster Sparebank er kjernekapital. Eigenkapital i prosent av eigen balanse var 12,14 prosent.

Luster Sparebank har ved utgangen av 2015 ein bokført eigenkapital på kr 373,0 millionar. Av dette er kr 15,1 millionar avsett til gåvefond.

Rekneskapan er sett opp under føresetnad om "fortsatt drift".

## Risikotilhøve

### *Kredittrisiko*

Kredittrisiko er risikoen for at ein kunde eller motpart ikkje kan gjere opp sine forpliktingar overfor banken. Dette er den største risikoen for banken og relaterer seg i hovudsak til utlån og garantiar ovanfor kundar. Styret vurderer kredittrisikoen til å vere moderat for lån til personmarknaden, men noko større på utlån til næringslivet.

Av samla utlån er 72,6 prosent til personmarknaden og 27,4 prosent til næringslivet og det offentlege.

Styret vurderer utlåna som godt sikra. Banken har få store engasjement til næringslivet. Misleghald og tapsutsette person- og næringslivslån har gått litt opp i 2015 jamfør note 2.7. Desse engasjementa blir følgt opp kvartalsvis av styret.

For å halde oversikt over risikoeksponeringa til banken vert dei 10 største konglomerata rapporterte kvartalsvis til styret. Alle tapsmerka engasjement over kr 750.000,- og andre engasjement av spesiell karakter, vert også gjennomgått og rapportert. Vidare vert alle engasjement over kr 3,0 millionar og tapsmerka engasjement over kr 250.000,- rapporterte årleg til styret. For aksjeselskap med engasjement over kr 750.000,- vert det årleg innhenta rekneskap som blir underlagt vurdering. I tillegg vert det henta inn perioderekneskap på næringslivsengasjement som banken ønskjer å følgje tettare opp. Målsetjinga er vidare å følgje opp med kundemøte for å få ein tett og god dialog med kundane. Sjå elles note 2.3 over utvikling i risikoklassifisering.

Samla tapsnedskrivningar på kr 21,7 millionar, er etter styret si vurdering tilstrekkeleg til å dekke banken sin kredittrisiko på utlån. Banken sine obligasjonar er vurdert til lågaste av kostpris og marknadsverdi.

Sjølv om vi meiner kvaliteten i utlånsmassen i dag er god, trur vi at det ikkje vil vere urealistisk å rekne med eit årleg tap i storleiken 0,3 prosent til 0,4 prosent på utlån i tida framover.

## **Kurs- og renterisiko**

Banken har kr 257,3 millionar i fastrentelån til kundar med ein renterisiko på 403,6 milliår.

Behaldninga av obligasjonar er bokført med kr 32,8 millionar og samla renterisiko utgjer 11 milliår. Det vil seie at ei endring i det generelle rentenivået på 1 prosent vil påverke driftsresultatet med kr 0,11 millionar.

På innlånssida har banken kr 114,5 millionar i innskot med rentebinding frå kundar og kr 454 millionar i innlån og utstedt obligasjonslån med kvartalsvise renteendringar. Samla renterisiko for desse gjeldspostane er 148,2 milliår mot 128,5 milliår pr 31.12.2014.

Banken har òg risiko knytt til aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis. Papira har god spreining og volumet er delt på fleire sektorar. Dei største sektorane er bankar, andre finansinstitusjonar og kraft. Styret får månadlege rapportar om behaldning og avkastning på verdipapira saman med spesifisert oppgåve over kjøp og sal.

Styret vurderer at banken er netto lite eksponert for renterisiko. Det er sett opp mål for kor høg netto renterisiko banken kan ha.

## **Likviditetsrisiko**

Likviditetsrisiko er risiko for at banken manglar likviditet til å kunne innfri gjeld ved forfall.

Utlånsportefølja til banken har lang løpetid jamfør note 13.1 i rekneskapen, medan størstedelen av innskota frå kundane kan takast ut utan oppseiing. Dette tilhøvet inneber ein likviditetsrisiko, men er ein situasjon banken har levd med i alle år. Banken finansierer no 88,9 prosent av utlåna med eigne innskot. Vi låner inn frå andre finansinstitusjonar og via eige obligasjonslån. Vi legg bustadlån over i Verd Boligkreditt AS, for på denne måten å frigje likviditet. I tillegg har vi kortsiktig trekkraume hjå ein annan finansinstitusjon.

Banken har utarbeidd strategi for langsiktig og kortsiktig finansiering. Sett i høve til banken sin høge eigenkapital, vurderer styret likviditetsrisikoen som moderat. Utviklinga i likviditeten og finansieringa av balansen vert månadleg rapportert til styret.

## **Valutarisiko**

Banken har for tida ikkje valutarisiko.

## **Driftsrisiko**

Banken er avhengig av moderne teknologi, spesielt edb-løysingar. I samarbeid med leverandøren er det lagt ned eit omfattande arbeid for å sikre stabilitet og tryggleik i desse løysingane, samt hindre uvedkomande i å få tilgang til banken sine data. Det er fastsett regelverk for å sikre dette.

## Personale – arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2015 hadde me 25 fast tilsette medarbeidarar, av desse er 10 deltidstilsette. 54 prosent av banken sine tilsette er kvinner. Gjennomsnittsalderen for banken sine tilsette er 49 år og gjennomsnitt tilsetjingstid er 18 år. To vikarar har fått fast arbeid i Luster Sparebank i 2015. Ingen tilsette har slutta. Banken har ein vikar ved slutten av året i 100 prosent stilling. Me har ikkje tilsett nye medarbeidarar i 2015.

Dei tilsette medrekna ferievikaren utførte 20,40 årsverk dette året.

Me er ei næring der det er stor konkurranse og marginane er små. Dette gjer at endringar er ein del av kvardagen for dei tilsette. Me jobbar vidare med at den enkelte kunderådgjevar skal ha kunnskap om alle produkt banken tilbyr, og at kunden skal kunne halde seg til ein kunderådgjevar.

Det er oppretta ei marknadsgruppe med hovudoppgåve å ta seg av det totale marknadsarbeidet i banken. Dette inkluderer også rådgjeving- og salsoppfølging av dei tilsette. Marknadsgruppa har det overordna ansvaret for marknadsarbeidet og rapporterer direkte til banksjef. Marknadsgruppa er eit prøveprosjekt som skulle gå over eit år og skulle evaluerast etter 31. mai 2015. Gruppa er samansett av Linda Tuften, Thomas Dalsøren og Alf Henning Evjestad (leiar). Marknadsgruppa har vore ein suksess og har fått forlenga engasjementet til 30 juni 2016.

Banken ser det som viktig at dei tilsette held seg i god fysisk form og har gjeve støtte til tilsette som nyttar treningssenter. Me har også i 2015 hatt sjølvregistrering av trim under motto: "Ut på tur der du bur". Banken er og med på opplegget "prosjekt sjukefråvær" ved Luster Treningssenter. Fleire av dei tilsette har i løpet av året nytta seg av tilbodet, og tilbakemeldingane er svært gode. Korttidssjukefråværet er på 0,39 prosent i 2015. Samla sjukefråvær har vore 8,22 prosent.

Luster Sparebank følgjer Hovudavtalen og Sentralavtalen som er utarbeida mellom Finans Norge (arbeidsgivarorg.) og Finansforbundet (arbeidstakarorg.). I tillegg har me eigen Bedriftsavtale som er utarbeidd mellom leiing og tillitsvalde.

Luster Sparebank si verksemd er ikkje i strid med menneskerettane.

Banken er ei IA-verksemd (IA = inkluderande arbeidsliv). Luster Sparebank har utarbeidd eigne mål og rutinar i samsvar med IA-avtalen. Banken er medlem av Sogn Bedriftshelseteneste. Tillitsvalde, verneombod og leiinga i banken prioriterer korleis banken skal nytta ressursane som er tilgjengelege i bedriftshelsetenesta. Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tillitsvalde i Luster Sparebank. Den tradisjonelle haustturen vart i år gjennomført i mars og gjekk til Golsfjellet. Det var god deltaking og svært gode tilbakemeldingar.

Det er i 2015 teikna helseforsikring for dei tilsette. Alle tilsette i Luster Sparebank er frå 01.01.2015 tilknytt innskotspensjon med maksimumssatsar. Ytelsepensjon vart avvikla frå same dato.

## **Kompetanseutvikling**

Luster Sparebank sin viktigaste ressurs er medarbeidarane sin kompetanse og evne til å avdekka og dekke behovet til kundane våre.

Luster Sparebank har eigen utdanningsavtale og legg tilhøva til rette for tilleggsutdanning. Ved å ha god og oppdatert bankfagleg kompetanse kan me yte kundane våre best mogeleg rådgjeving og service. Administrasjonen og tillitsvalde er i tillegg einige om ein eigen kompetanseavtale som skal gjelda frå 01.01.2016.

Luster Sparebank er oppteken av at tilsette og tillitsvalde i banken har stillingar og verv etter kompetanse. Ut frå eit likestillingsperspektiv har banken prøvd på best mogeleg måte å leggje tilhøva til rette både for kvinner og menn.

<b>Funksjon</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
<b>Forstandarskap</b>	<b>30 %</b>	<b>70 %</b>
<b>Kontrollkomitè</b>	<b>33 %</b>	<b>67 %</b>
<b>Styret</b>	<b>40 %</b>	<b>60 %</b>
<b>Tilsette</b>	<b>54 %</b>	<b>46 %</b>

## **Miljø**

Banken driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljø meir enn det som er normalt for næringa.

Luster Sparebank er sertifisert som Miljøfyrtårn. Miljøfyrtårn er eit norsk, offentleg sertifikat som vert støtta og anbefalt av Miljøverndepartementet. Det er i samband med dette lagt opp til ulike interne tiltak som skal redusere bruken av energi og papir samt redusere avfallsmengda. Etter omfattande restaurering av bankbygget er det svært gledeleg å sjå at energiforbruket er betydeleg redusert. I 2006 var forbruket på det høgaste, 283.000 kWh. I 2014 var forbruket på 168.000 kWh og i 2015 var det 167.000 kWh. Luster Sparebank har som mål å redusere reiseverksemda. Me nyttar telefon- og nettmøte i dei høva der dette er mogeleg.

## **Fairtrade**

Luster Sparebank er godkjent som Fairtrade bedrift. Fairtrade handlar om rettferdig handel. Fairtrade arbeider for at internasjonal handel skal skje på eit grunnlag som set folk i stand til å leva – ikkje berre overleva. Ved at ein handlar Fairtrademerka produkt medverkar ein til at dei som har produsert vara kan forsyta seg sjølv og familien sin, utan å vera avhengig av hjelp og bistand. Med dette får dei høve til å skapa si eiga framtid og bidra til å byggja opp sitt eige lokalsamfunn.

## **Styret sitt arbeid**

Banken sitt styre har 5 medlemmer. Banksjef deltek på styremøta, men er ikkje medlem av styret. Styret har i 2015 hatt 11 styremøte. Styremøta skjer etter fast årsplan. Styret evaluerer årleg si samansetjing og arbeidsform og følgjer kontinuerleg opp vedtekne planar og budsjett. I 2015 har styret lagt særleg vekt på følgjande:

- Revisjonsutvalgsoppgåver
- ICAAP (risikostyring)
- Oppfølging av økonomi, likviditet og funding
- Oppfølging av misleghald og utsette engasjement
- Oppfølging av store engasjement
- Oppfølging av rapport frå Finanstilsynet
- Strategiarbeid
- Internkontroll
- DSS (og dermed Luster Sparebank) sin avtale med Evry er fornya (2016-2019).

## Utsiktene framover

Luster Sparebank er ein sjølvstendig, aktiv og tilgjengeleg bank. Banken er ikkje tilslutta nokon av dei store bankgrupperingane. Som frittstående bank må me òg setje høge krav til intern kompetanse. Gjennom dette arbeidet står me betre rusta til å møte framtida med nye krav og utfordringar. Auka kompetanse styrkjer tilbod og service, og gjer banken til ein enno betre medspelar overfor næringslivs- og privatkundar. Dette er òg viktig for det gode samarbeidet me har med offentleg sektor.

Styret har god tru på at 2016 vil bli eit godt år for Luster Sparebank, sjølv om konkurransen ikkje vil bli mindre enn før – snarare tvert om. Kampen om dei gode kundane vert hardare og me må rekne med at presset på rentemarginen held fram. Det er viktig å ha fokus på rentemarginen, då den er avgjerande for eit godt resultat. Andre driftsinntekter er òg viktige i tida framover. Banken arbeider aktivt med kvalitetssikring og utvikling av organisasjonen. Det å sikre ein sunn økonomi er viktig med tanke på å oppretthalde banken si gode rating og dermed få så låge påslag på innlån (funding) som mogeleg.

Sikring av banken sin likviditet må framleis vere ei prioritert oppgåve, både å oppretthalde og auke kundeinnskot og å sikre seg tilgang til andre langsiktige innlån.

På kredittområdet er det viktigare enn nokon gong å ha høg kvalitet og oppfølging av enkeltengasjement.

Luster Sparebank har solid økonomi. Banken har opparbeidd ein eigenkapital stor kr 373 millionar som tilhøyrrer lokalsamfunnet. Eigenkapitalen er avgjerande for å kunne halde fram som sjølvstendig bank og medverke til lokal næringsutvikling.

Styret har som mål at Luster Sparebank til ei kvar tid skal tilby relevante produkt og tenester til konkurransedyktige prisar. Personleg kontakt, tillit, rådgjeving, raske avgjerder og god service er viktige element som me ønskjer å ivareta og vidareutvikle. Utover dette ser styret det viktig som lokalbank å vere ein aktiv støttespelar og pådrivar i utviklinga av lokalsamfunnet og næringslivet.

## Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette

Med dette takkar me kundane og bygdefolket for svært god oppslutnad om Luster Sparebank. Me rettar og ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid i året som har gått. Luster Sparebank er ein solid bank, og med kompetente og serviceinnstilte medarbeidarar er me godt rusta til å møte framtidige utfordringar og kundane våre sine behov.

Luster Sparebank ser fram til stort engasjement og godt samarbeid i 2016 til beste for kundane og interessegruppene elles.

Gaupne, 12. februar 2016

STYRET FOR LUSTER SPAREBANK

  
Bjarne Venjum  
leiar

  
Ove Nyland  
nestleiar

  
Tanja Fiskaa Haugen

  
Randi Bugge

  
Inge Teigen

  
Oddstein Haugen  
banksjef

## RESULTATREKNESKAP

Tal i heile kr 1000

	NOTE	2015		2014	
<b>RENTEINNETEKTER OG LIKNANDE INNETEKTER</b>					
Renter av utlån til og krav på kredittinstitusjonar		2.296		3.225	
Renter og liknande inntekter av utlån til kundar	2.4 - 7.2	94.373		104.218	
Renter av obligasjonar og andre verdipapir		<u>3.304</u>	99.973	<u>4.367</u>	111.810
<b>RENTEKOSTNADAR OG LIKNANDE KOSTNADAR</b>					
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar		4.841		5.645	
Renter på innskot frå kundar		33.202		43.302	
Renter på utstedte verdipapir		4.762		5.453	
Andre rentekostnader og liknande kostnader	10	<u>1.515</u>	44.320	<u>1.449</u>	55.849
<b>NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNETEKTER</b>			<u>55.653</u>		<u>55.961</u>
<b>UTBYTTE OG ANDRE INNETEKTER AV VERDIPAPIR</b>		<u>3.252</u>	3.252	<u>4.428</u>	4.428
<b>PROVISJONS/ANDRE INNETEKTER FRÅ BANKTJENESTER</b>					
Garantiprovisjon		471		440	
Andre gebyr og provisjonsinntekter	1.2 - 9	<u>10.490</u>	10.961	<u>10.098</u>	10.538
<b>PROVISJONS/ANDRE KOSTNADER FRÅ BANKTJENESTER</b>		<u>1.649</u>	1.649	<u>1.803</u>	1.803
<b>NETTO VINST/TAP AV VALUTA OG VERDIPAPIR</b>					
Netto vinst/tap på aksjar		-305		0	
Netto vinst/tap på obligasjonar		-383		-84	
Netto vinst/tap på valuta		<u>374</u>	-314	<u>204</u>	120
<b>ANDRE DRIFTSINNETEKTER</b>	12	<u>1.373</u>	1.373	<u>1.225</u>	1.225
<b>LØN OG GENERELLE ADMINSTRASJONSKOSTNADAR</b>					
Løn, pensjonar og sosiale kostnader	7 - 20	16.688		15.812	
EDB-kostnader		8.107		8.545	
Administrasjonskostnader		<u>5.127</u>	29.922	<u>4.311</u>	28.668
<b>ORDINÆRE AVSKRIVINGAR</b>	6 - 12.1	<u>2.575</u>	2.575	<u>2.588</u>	2.588
<b>ANDRE DRIFTSKOSTNADAR</b>	12	<u>4.070</u>	4.070	<u>3.477</u>	3.477
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR</b>	2.2	<u>3.303</u>	3.303	<u>3.307</u>	3.307
<b>NEDSKRIVING OG VINST/TAP PÅ LANGSIKTIGE VERDIPAPIR</b>					
Netto nedskr/gevinst/tap på anleggsaksjar		-126		-1.480	
Gevinst sal anleggsaksjar		<u>6.582</u>	6.456	<u>8.015</u>	6.535
<b>SKATT PÅ ORDINÆRT RESULTAT</b>	15 - 16	<u>8.574</u>	8.574	<u>9.302</u>	9.302
<b>RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET</b>			<u><b>27.288</b></u>		<u><b>29.662</b></u>
<b>OVERFØRINGAR OG DISPONERING AV ÅRSRESULTAT</b>					
Til gåvefond	18	1.800		1.800	
Til gåver	18	2.000		2.000	
Overført til sparebankens fond	18	<u>23.488</u>	27.288	<u>25.862</u>	29.662

## BALANSE

Tal i heile kr 1000

	NOTE	31.12.2015		31.12.2014	
<b>EIGNELUTAR</b>					
<b>KONTANTAR OG INNSKOT I</b>					
<b>NORGES BANK</b>	13	<u>63.771</u>	63.771	<u>64.324</u>	64.324
<b>UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ</b>					
<b>KREDITTINSTITUSJONAR</b>					
Utlån og fordringar utan avtalt løpetid	13	78.887		50.322	
Utlån og fordringar med avtalt løpetid		<u>132.184</u>	211.071	<u>54.033</u>	104.355
<b>UTLÅN TIL KUNDAR</b>					
Kassa-/drifts- og brukskredittar		229.823		196.827	
Byggelån		51.028		61.438	
Nedbetalingslån		<u>2.207.114</u>		<u>2.194.836</u>	
<b>SUM UTLÅN FØR NEDSKRIVINGAR</b>	2-7-13	2.487.965		2.453.101	
- Nedskrivning på individuelle utlån	2	-7.944		-8.662	
- Nedskrivning på grupper av utlån	2	<u>-13.800</u>		<u>-12.100</u>	
<b>SUM NETTO UTLÅN TIL KUNDAR</b>			2.466.221		2.432.339
<b>SERTIFIKAT OG OBLIGASJONAR</b>					
<b>MED FAST AVKASTNING</b>					
Obligasjonar utstedt av det offentlege	4	19.841		19.955	
Sertifikat og obligasjonar utstedt av andre		<u>12.787</u>	32.628	<u>143.468</u>	163.423
<b>AKSJAR OG VERDIPAPIR MED</b>					
<b>VARIABEL AVKASTNING</b>					
Pengemarknads- og obligasjonsfond	5	204.523		41.256	
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis		49.128		50.674	
Aksjefond		<u>9.685</u>	263.336	<u>7.785</u>	99.715
<b>UTSETT SKATTEFORDEL</b>	15	4.760	4.760	4.751	4.751
<b>VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>					
Maskinar, inventar og transportmidlar	6	5.197		6.089	
Bygningar og anna fast eigedom	6-12	<u>4.265</u>	9.462	<u>4.796</u>	10.885
<b>PENSJONSMIDLAR</b>		16.170	16.170	0	0
<b>FORSKOTSBETALINGAR OG</b>					
<b>OPPTENTE INNTEKTER</b>					
	1.2	<u>5.547</u>	<u>5.547</u>	<u>7.830</u>	<u>7.830</u>
<b>SUM EIGNELUTAR</b>			<u><u>3.072.966</u></u>		<u><u>2.887.622</u></u>

## BALANSE

Tal i heile kr 1000

	NOTE	31.12.2015	31.12.2014
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>GJELD</b>			
<b>GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR</b>			
Gjeld utan avtalt løpetid		0	0
Gjeld med avtalt løpetid	13	<u>205.000</u>	<u>185.000</u>
		205.000	185.000
<b>INNSKOT FRÅ KUNDAR</b>			
Innskot utan avtalt løpetid	13	1.496.611	1.373.437
Innskot med avtalt løpetid		<u>715.751</u>	<u>768.541</u>
		2.212.362	2.141.978
<b>GJELD STIFTA VED UTSTEDING AV VERDIPAPIR</b>			
	13	<u>249.365</u>	<u>180.000</u>
		249.365	180.000
<b>ANNA GJELD</b>			
	8-3	<u>16.756</u>	<u>17.324</u>
		16.756	17.324
<b>PÅLØPTE KOSTNADAR OG FORSKOTSBETALTE INNTEKTER</b>			
	1.2-13	<u>5.193</u>	<u>5.184</u>
		5.193	5.184
<b>AVSETJING TIL FORPLIKTINGAR</b>			
Pensjonsansvar	20	<u>11.327</u>	<u>10.461</u>
		11.327	10.461
<b>SUM GJELD</b>			
		<u>2.700.003</u>	<u>2.539.947</u>
<b>EIGENKAPITAL:</b>			
<b>GÅVEFOND</b>			
SPAREBANKENS FOND	17- 18	<u>15.100</u>	<u>13.300</u>
		372.963	334.375
		372.963	347.675
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
		<u><u>3.072.966</u></u>	<u><u>2.887.622</u></u>
<b>POSTAR UTANOM BALANSEN:</b>			
<b>BETINGA FORPLIKTINGAR</b>			
Garantiansvar	3 - 7.2	32.250	24.472
Pantsetjingar	3	19.841	15.000
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	3	<u>435.939</u>	<u>300.237</u>
		488.030	339.709

Gaupne, 31. desember 2015

12. februar 2016

I styret for LUSTER SPAREBANK

  
Bjarne Venjum  
leiar


Randi Bugge



  
Ove Nyland  
nestleiar

  
Inge Teigen

  
Tanja Fiskaa Haugen

  
Oddstein Haugen  
banksjef

I tilknytning til rekneskapen er det i notane nedanfor gjeve nokre kommentarar til dei enkelta tala. Notane er nummererte, og det er teke med tilvising til desse i rekneskapen.

## **1 Generelle rekneskapsprinsipp**

Banken sitt årsoppgjer er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover og reglar for sparebankar og god rekneskapsskikk.

Det er under den enkelte note til rekneskapen nærare gjort greie for dei prinsippa ein har nytta, med tilvising til dei enkelte rekneskapspostane.

### **1.1 Konsolidering, konsernrekneskap**

Det er ikkje utarbeidd konsernrekneskap då dette i ubetydeleg grad ville avvike frå morselskapet sin rekneskap. Vi viser til rekneskapstala frå selskapa ANS Gaupne Forretningsbygg og Luster Sparedrift A/S i notane 12 og 14.

### **1.2 Periodisering**

Renter og provisjon vert tekne inn i resultatrekneskapen etterkvart som dei vert opptente som inntekter eller kjem til som kostnader.

Forskotsbetalte inntekter og tilkomne ikkje betalte kostnader vert periodierte og vert førde som gjeld i balansen.

Opptente ikkje betalte inntekter vert inntektsførde som tilgodehavande i balansen.

Utbytte av aksjar og grunnfondsbevis vert inntektsførde når dei vert mottekne.

Gebyr og provisjonar vert inntektsførde etterkvart som dei er opptente. Gebyr ved låneopptak overstig ikkje dei direkte kostnadane ved etablering av engasjementet, og er difor ikkje periodiserte over lånets løpetid.

## 2 Utlån og garantiar - tapsnedskringingar

### 2.1 Generelt

Utlån i rekneskapen ved første gongs måling vert bokført til pålydande verdi. I perioden etter førstegongs måling vert verdi vurdert til amortisert kost etter effektiv rentemetode som eit uttrykk for verkeleg verdi på lånet. Dersom det føreligg objektive bevis for verdifall for enkelte utlån eller grupper av utlån, er låna nedskrivne. Nedskrivningssum vert utrekna som skilnad mellom balanseført verdi og noverdi av framtidige kontantstraumar utrekna etter levetid på lånet. Nedskrivning er klassifisert som tapskostnad. Renteinntekter vert førde i resultatet etter effektiv rentemetode.

